



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Bømlo kommune
Rådhuset
5430 BREMNES

Dato: 05.10.2016
Vår ref: 15/00662-6
Deres ref:

Høyring av søknad frå Landmark Maskin AS om driftskonsesjon for Ersland dagbrudd i Bømlo kommune

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST mail@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har motteke søknad om driftskonsesjon etter § 43 i lov om erverv og utvinning av mineralressurser (minerallova) frå Landmark Maskin AS, datert 17.03.2015.

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på DMFs heimeside: <http://www.dirmin.no/> under "Saker til høyring". Høyringsinstansane kan få tilsendt papirutgåve av søknaden ved førespurnad.

Høyringsfristen er **07.11.2016**.

Søknaden

Ersland dagbrudd er lokalisert på del av gnr./bnr. 118/3 i Bømlo kommune. Området som det vert søke om driftskonsesjon på har i følge søknaden eit areal på 36,5 daa. Tiltakshavar oppgjev at det skal tas ut totalt 2 000 000 tonn masse. Forventa årlig uttak er 150 000 tonn masse. Førekosten består primært av byggeråstoff. Det vert i søknaden opplyst at det meste av materialet skal leverast til veg og grøftemasser. Området er i kommunens arealplan avsett til råstoffutvinning. Området er i tillegg regulert i reguleringsplan for masseuttak Ersland, vedteken 06.05.2013 med plan id. 201101.

DMFs behandling av søknaden

Formålet med minerallova er å fremme og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om berekraftig utvikling.

DMF er konsesjonsstyresmakt i saker med samla uttak av mineralførekomstar på meir enn 10 000 m³ masse og for alle uttak av naturstein.

DMF sender søknadene, inkludert driftsplanar, på høyring til aktuelle høyringsinstansar jf. forvaltningslova § 17. Dette vil normalt vere grunneigaren og andre kjende rettshavarar, eigarar, drivarar og bebuarar og andre kjende rettshavarar på naboeigedommar som kan bli påverka, i tillegg til kommunen (kommunane), fylkeskommunen og statlege forvaltningsorgan.

Søkjaren får høve til å kommentere innkomne høyringsfråsegner før DMF gjer vedtak.



Innkomne konsesjonssøknader blir underlagde ei skjønsmessig prøving hos DMF før vi avgjer om vi skal gi driftskonsesjon. Ved vurderinga av om vi skal gi driftskonsesjon, legg vi vekt på om søkjaren er «skikka» til å utvinne førekomsten, det vil seie om prosjektet verkar gjennomførleg økonomisk, om det er lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomsten. Ved vurderinga av om vi skal gi driftskonsesjon, skal vi òg leggje vekt på

- kva innverknad tiltaket vil ha på verdiskaping og næringsutvikling
- kva innverknad tiltaket eventuelt vil ha på naturgrunnlaget for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- kva innverknad tiltaket vil ha på omgivnadene og nærliggjande område under drifta
- kva konsekvensar ei utvinning vil ha for miljøet
- kva for planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området

Dersom DMF gir driftskonsesjon, er det normalt knytt vilkår til denne, jf. minerallova 43. Vilkåra omfattar blant anna krav om driftsplan, økonomisk garanti osv.

DMF gjer merksam på at ein driftskonsesjon gitt i medhald av minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovgiving. Det er søkjaren som har ansvaret for å innhente slike løyve.

Nærmare om høyringsfråsegnene

Vi oppfordrar høyringsinstansane til å komme med grunngitte synspunkt på om DMF bør gi konsesjon eller ikkje, under dette komme med konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår som bør stillast med tanke på det ansvarsområdet den aktuelle instansen er sett til å forvalte. Frå private partar ber vi òg om innspel dei reknar som relevante ut frå konkrete forhold i den aktuelle saka. Dersom høyringsinstansen er kjend med forhold som ikkje er tilstrekkeleg klarlagde i søknaden, ønskjer vi opplysningar om det.

Generelle kommentarar knytte til arealbruk i området skal ikkje vurderast ved ein søknad om driftskonsesjon. Dette er sikra gjennom plan- og bygningslova. Synspunkt knytte til kommunens allereie vedtekne arealdisponering (arealplan, reguleringsplan og eventuell dispensasjon frå reguleringsplan) vil vi derfor ikkje leggje særleg vekt på ved vurderinga.

Vi ber kommunen spesielt informere oss snarast mogleg om det finst særleg påverka partar som ikkje står på adresselista.

Innsending av høyringsfråsegner

Vi ber om at høyringsfråsegna blir send innan fristen **07.11.2016** på e-post til **mail@dirmin.no** eller ordinær post til: **Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim.**

Delar av høyringsfråsegner kan bli siterte i vedtaket om å gi konsesjon eller ikkje. Dersom fråsegna er omfattande, er det derfor ein fordel om det blir utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.



For meir informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår www.dirmin.no.

Med helsing

Marit Ollestad
rådgjevar

Marit Mia Bjørnstad
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Saksbehandlar: Marit Mia Bjørnstad

Mottakarar:

Bømlo kommune

Rådhuset

5430 BREMNES

Kopi til:

Landmark Maskin AS

Dyrhammer 15

5440 MOSTERHAMN